



Inge Morild
Washingtons vei 9
5019 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1843 - 19/9281

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
18.03.2019

Varsel om pålegg om utskifting av tank og varsel om fastsetting av tvangsmulkt - gbnr 141/15 Kvamme

Lindås kommune har i skriv av 07.07.2018 skreve til dykk som eigar av gbnr 141/15 om feil/manglar på avsløpsanlegg etter gjennomført slamtømming:

For å hindre vidare forureining og oppfylle krava i forureiningslova så må slamavskiljaren må byttast ut med ny godkjend forskriftsmessig tank. Inntil tanken er bytta ut, kan ikkje anlegget nyttast.

Frist for arbeidet vert sett 01.09.2018.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdere å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I e-post frå Byggesak som forureiningsmynde, datert 04.09.2018, vart det gjeve utsetjing av saka då røyrlaggjarføretak, Lindås Rør & Sanitær, i e-post av 03.09.2018, stadfesta at dei skulle utbetra problemet snarast. Frå røyrlaggjarføretaket vart også opplyst at hytta ikkje var i bruk slik at det ikkje vart ytterligere forureining før tanken vart skifta.

Administrasjonen har på nytt fått varsel om forureining frå dykkar eigedom. Eigar av gbnr 141/41 har vore i kontakt med teknisk drift som har videresendt varselet i e-post av 11.03.2019. Eigar av gbnr 141/41 får framleis inn kloakk på sin eigedom frå dykkar eigedom gbnr 141/15. Ifølgje nabo, så er ikkje slamavskiljaren skifta ut.

Lågt nivå/lekkasje og skade på slamavskiljaren i form av stor sprekk i botn, fører til at avløpet går ut i grunnen og fører til ureining. Avløpsvatnet kan og føre til ureining på andre eigedommar, samt føre til forureining av brønnar m.m. i området.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgja for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgja for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.



For å hindre vidare forureining og oppfylle krava i forureiningslova, så må slamavskiljaren må bytast ut med ny godkjend forskriftsmessig tank. Inntil tanken er bytta ut, kan ikkje anlegget nyttast.

Frist for arbeidet vert sett 16.04.2019. Ytterligere fristforlenging kan ikkje påreknast.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, så vert det ilagt pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7 og det vil bli fastsett tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å skifte ut slamavskiljaren, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få skifte tank, må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. Dersom Lindås Rør & Sanitær skal utføre arbeidet, må dei kontaktast umiddelbart. Dersom ny tank skal setjast ned der eksisterande tank står, så treng du ikkje søkja om dette. Ny plassering av tank på eigedommen, krev søknad om løyve etter plan- og bygningslova.

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post tone.furustol@lindas.kommune.no

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Inge Morild	Washingtons vei 9	5019	BERGEN
Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
Thore Hatten	Skarsvegen 213	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Inge Morild	Washingtons vei 9	5019	BERGEN
Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ